

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

REVISJONSUTTALE – Framtun forsamlingshus – ANLEGGSNR 1256 0046 01 – Meland kommune

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingane som er avtalt med dykk og lista opp nedanfor. Vårt oppdrag er utført i samsvar med ISRS 4400 "Avtalte kontrollhandlingar". Handlingane er utført for å gi dykk grunnlag for å vurdere at rekneskapen er rett og at prosjektet er i samsvar med «RETNINGSLINER/INFORMASJON FOR FORVALTNING AV DESENTRALISERT ORDNING FOR TILSKOT TIL LOKALE KULTURBYGG».

Samla totalsum for anlegget pr. 24.09.2015 inkl. dugnad er kr 584 047.

Vi har utført fylgjande kontrollhandlingar:

- At inntekter og kostnader vedkjem anlegget, medrekna at berre utgifter til element med rett til tilskot inngår som ein del av kostnadene
- At oppgitt beløp for mva tilsvarar faktisk betalt mva
- At det er eit klart skilje mellom byggjerekneskapen for anlegget og drift
- Av verdien av dugnad, gåver (utanom pengegåver) og rabattar er i samsvar med budsjettet som er godkjent av fylkeskommunen.
- At dersom det er betalt for arbeid eller materialar (ytingar) som i søknaden var oppførte som dugnad, gåver og/eller rabattar, er verdien av ikkje-betalte utgifter i rekneskapen nedjusterte med tilsvarande sum
- At rekneskapssammendraget som vert sendt til fylkeskommunen, er i samsvar med den kontrollerte rekneskapen

Konklusjon

Vårt arbeid har ikkje avdekket vesentlege feil eller avvik.

Presisering

Vi presiserer at dugnad er oppført i rekneskapen med kr 135 000 medan den i budsjett er sett til kr 56 000. Vi presiserer og at ikkje utbetalte spelemidlar kr 24 000 er ført på posten Fylkeskommunale tilskot.


Då desse kontrollhandlingane verken er revisjon eller avgrensa revisjon i samsvar med revisjonsstandardane, gir vi ikkje uttrykk for noko sikkerheit for at søknaden ikkje inneheld vesentlege feil.

Dersom vi hadde utført tilleggshandlingar eller hadde gjennomført revisjon eller avgrensa revisjon av regnskapen, kunne andre forhold ha kome til vår kunnskap og blitt rapportert til dykk.

Vår rapport er kun utarbeidd for det formålet som er omtala i første avsnitt i denne rapport og skal ikkje brukast til anna formål. Rapporten er berre meint å skulle distribuerast til Hordaland fylkeskommune og anleggseigar. Distribusjon utover dette må skje i samsvar med reglane i Offentlighetslova.

Isdalstø, 24.09.2015

NORDHORDLAND REVISJON IKS



Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

Gjenpart: Meland Kommune og anleggseigar